

Staten og Den norske kyrkja

Jølster Kommune	
Dok.nr. 5451/d6	06/00962-001
28.11.92	
Ark. 020	EDV
Gradering	

Høyringsvar frå:

Kommunane: Jølster Senterparti

Framlegg til uttale vart utarbeidd av ei studiegruppe som har diskutert saka på 3 møter. På årsmøte i Jølster Sp 16. november vart framlegget vedteke som laget sin uttale. Det punktet det var mest diskusjon om var gravferdsforvaltninga og eit mindretal ville at kyrkjeleg fellesråd framleis skulle ha dette ansvaret.

dot 192

For Jølster Senterparti
Kari Støfringsdal - studieleiar

200605491	
04.12.06	
Kode 41-501	Beh.

SVAR PÅ SPØRSMÅLA TIL HØYRINGSINSTANSANE.

1. Kva overordna prinsipp bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken.

Det skal vere full religionsfridom i Noreg. Alle tros- og livssynsamfunn må sikrast tilstrekkeleg finansiering til drift og seremonielle handlingar.

2. Den norske kyrkja som statskyrkje:

Vi meiner at statskyrkjeordninga bør halde fram. Slik den fungerer i dag er det ei tenleg ordning både for kyrkja og samfunnet.

Statskyrkjeordninga er den beste garantien for ei inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje i Noreg.

Statskyrkjeordninga er viktig for å ta vare på vår kultur og tradisjon òg i framtida.

Kyrkja har endra seg og fått meir sjølvstyre innan for statskyrkjeordninga, og det vil den framleis kunne gjere.

3. I kva lov bør Den norske kyrkja forankrast:

Grunnlova

4. Korleis bør Den norske kyrkja finansierast:

Noko offentleg finansiering og eigenfinansiering ved ofring og andre gåver.

Vi ynskjer ikkje medlemsavgift då vi meiner at prinsippet om at dåp kvalifiserer til medlemsskap skal stå fast.

Verdien i opplysningsvesenets fond kan overførast Den norske kyrkja dersom vi framleis har ei statskyrkje.

5. Korleis bør valordninga og demokratiet være dersom statskyrkjeordninga vert avvikla:

Valordninga bør vere som i dag, men ein må vurdere om val til sokneråd bør slåast saman med lokal eller stortingsval (same dag, same stad, men i eigne lokale) for å auke oppslutnaden om dei kyrkjelege val og dermed styrke demokratiet i kyrkja.

6. Dersom statskyrkja vert avvikla, kva bør stå i § 2 i grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom:

Det kristne og humanistiske verdigrunnlag.

7. Kven bør ha ansvar for gravferdsforvaltninga:

Vi meiner kommunane bør ta over ansvaret får gravferdsforvaltninga slik at alle føler at gravplassen er nøytral.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygg:

Soknekyrkjer bør eigast av den lokale kyrkjelyden, soknet.

Verneverdige kulturhistoriske kyrkjebygg må staten eige og ha vedlikehald av.

Staten bør gje kommunane øymerka midlar til vedlikehald av kyrkjene slik at ein kan ta att forsømt vedlikehald og halde kyrkjene vedlikehald i framtida.

Andre spørsmål vi vil sei noko om.

Folkeavstemming:

Med ei så stor reform må det vere rett at folket får seie si meining gjennom ei folkeavstemming. Det å skilje stat og kyrkje og ikkje lenger ha ei grunnlovsfesta kyrkja er ei stor omvelting for folket og den tradisjon og kultur som har vore grunnleggande for det norske samfunnet.